



Tysvær kommune  
Postboks 94  
5575 Akksdal

Kontakt saksbehandlar

Ida Eline Skålnes, 51568807

## Uttale - offentlig ettersyn av forslag til planprogram ny samfunnsdel Tysvær kommuneplan 2022 - 2034

Me viser til oversending frå kommunen datert 21.04.21

**Forslaget til planprogram syner ei oversiktleg og strukturert oppbygning der kommunens prioriteringar blir drøfta opp mot FN sine berekraftsmål. Strukturen i dokumentet bidreg til ei god kopling mellom kommunens behov og viktige overordna mål for areal- og samfunnsplanlegginga. Statsforvaltaren har konkrete innspel til planprogrammet av omsyn til dei ansvarsområda som me er satt til å ivareta.**

### Lovgrunnlag

Krav til planprogram er forankra i plan- og bygningslova § 4-1 der krava til innhald og Statsforvaltarens rolle er beskrive slik i føresegnas 2. og 3. ledd:

*«Planprogrammet skal gjøre rede for formålet med planarbeidet, planprosessen med frister og deltakere, opplegget for medvirkning, spesielt i forhold til grupper som antas å bli særlig berørt, hvilke alternativer som vil bli vurdert og behovet for utredninger. Forslag til planprogram sendes på høring og legges ut til offentlig ettersyn samtidig med varsling av planoppstart. Planprogrammet fastsettes ordinært av planmyndigheten.*

*Dersom berørte regionale og statlige myndigheter på grunnlag av forslag til planprogram vurderer at planen kan komme i konflikt med nasjonale eller viktige regionale hensyn, skal dette framgå av uttalelsen til forslaget til planprogram.»*

### Statsforvaltarens vurdering

Av omsyn til nasjonale ansvarsområda som Statsforvaltaren er satt til å ivareta, har vi følgende innspel til planprogrammet:

#### Generelt

Planprogrammet framstår som eit oversikteleg dokument med tydelege satsingsområde. Sjølv planprogrammet ligg digitalt tilgjengeleg på eigen portal, saman med tilhøyrande dokument. Statsforvaltaren vil likevel gjere merksam på at ein viktig del av prosessen rundt offentlig medverknad er at dokumenta er lett tilgjengeleg for alle grupper av innbyggjarar. Det bør derfor



sikrast at grupper som av ulike grunnar har avgrensa kompetanse om og tilgang til digitale verktøy, også får lik moglegheit til å medverke. Vidare er det særskilt viktig å sikre involvering og medverknad frå barn og unge.

### Utdanning

Eit av satsingsområda for den nye kommuneplanen er *Saman om ein aktiv og inkluderande kommune*, og god utdanning er nemnd som eit tema som skal utdypast. Planstrategien trekk fram utfordringar knytt til resultat på nasjonale prøvar, mobbing, trivsel og motivasjon.

I rulleringa av *Strategiplan for kvalitet*, blir heim-skule-samarbeidet trekt fram som eit satsingsområde, i tillegg til nemnde læringsmiljø og grunnleggande ferdigheiter.

Statsforvaltaren finn det naturleg at det i kommuneplanen blir innarbeidd strategiar, konkrete mål og tiltak som møter utfordringane til desse tre satsingsområda.

### Samfunnstryggleik

Kommunen har laga ein ny heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS), som skal ligge til grunn for planlegginga. I punkt 1.2.2 heiter det at flaum kan få konsekvensar for bustadområde, avløpsrøyr kan bli overbelasta og stormflo vil påverka mange mindre område langs den 220 km lange kystlina. I tillegg kjem risiko knytt til grunnforhold og leire (<http://geo.ngu.no/kart/losmasse/>). Det må i samfunnsdelen bli konkretisert korleis desse utfordringane skal følgast opp i planarbeidet. Me anbefalar også meir utfyllande rettleiing på nettsida med krav til innlevering av ROS-analysar slik at den heilskaplege ROS-analysa blir følgt opp.

### Kommuneøkonomi

Det er positivt at «Saman om ein ansvarleg økonomi» er eit satsingsområde. Då vil det tydeleg kunne kome fram i samfunnsdelen korleis kommunen skal forvalte økonomien slik at den økonomiske handleevna blir ivareteke over tid. Kommunen er i planprogrammet ikkje tydeleg på om kommunen har vald økonomiplanen som kommuneplanen sin handlingsdel eller ikkje. Ei direkte kopling mellom kommuneplanen og økonomiplanen, gjennom at økonomiplanen er den faktiske handlingsplanen, vil lettare kunne sikre god oppfølging av måla gjennom konkrete tiltak og tilhøyrande økonomiske prioriteringar. Økonomiplanen kan inngå i eller utgjere kommuneplanen sin handlingsdel etter plan- og bygningslova § 11-1 fjerde ledd.

### Kommunestruktur

For å løyse fleire av dei utfordringane som kommunen peikar på, vil det vere eit alternativ å gå saman med ein eller fleire nabokommunar om å lage ein ny kommune. Dette bør difor nemnast som ei mogelegheit som innbyggjarane kan drøfte og gi innspel på. Det handlar om å vere open for strukturendring i framtida for betre å kunne nå dei måla som vert sett i samfunnsdelen.

### Folkehelse

Det er ein styrke for planarbeidet at planprogrammet har ei så tydeleg føring om at kommuneplanen sin samfunnsdel skal styrkast og sikrast som kommunens viktigaste styringsdokumentet. Samstundes som planen skal fastsetja mål, skal det og peikast ut kva strategiske verkemiddel kommunen skal nytta for å nå målsettingane sine for 2034.

Det vert vist til planstrategi, grunnlagsdokument og Folkehelseoversikt kor utviklingstrekk og viktige utfordringar for kommunen vert omtalt. Det er positivt at ein så klårt i planprogrammet syner til Folkehelseoversikten/oversiktsdokumentet og at kunnskapen derifrå skal nyttas i planarbeidet.



I planstrategien («status og utviklingstrekk») vert det vist til dei sju viktige folkehelseutfordringar som kommunen har verkemidlar sjølv til å kunna løysa.

Når det gjeld oppfølging, så saknar me at planprogrammet ennå tydelegare og meir konkret følger opp folkehelseutfordringane og legg føringar for korleis dei skal ivaretakast i arbeidet med å fastsetta mål og strategiar for dei prioriterte satsingsområda.

Me syner til Miljøverndepartementet sin rettleiar om kommuneplanprosessen pkt. 4.1. - 3. avsnitt, som vektlegg planprogrammet som ein arena for å belyse folkehelseutfordringar og gje føringar for vidare planarbeid.

Føremålet med folkehelsearbeidet er å bidra til ei samfunnsutvikling som fremjar innbyggjarane si helse, - utjamnar sosiale helseforskjeller og bidrar til å førebyggja psykisk og somatisk sjukdom. Ein føresetnad for å nå desse måla er ei kunnskapsbasert, systematisk og langsiktig tilnærming til utfordringane kommunesamfunnet står framfor, jamfør plan- og bygningslovens § 3-1.

Etter folkehelselovas § 6 skal kommunane fastsette overordna mål og strategiar for utfordringane som er identifisert i folkehelsearbeidet, jamfør plan og bygningslova kapittel 11. Målsettingane kan være visjonære, men dei må egna seg for operasjonalisering og tiltak i vidare planlegging, sjå Helse- og omsorgsdepartementets rettleiar om systematisk folkehelsearbeid s. 29.

Fastsetting av mål og strategiar for folkehelsearbeidet gjer igjen føringar for korleis kommunen til dømes innrettar si tenesteyting, forvaltning mv. og sett i verk eigne tiltak. Som det vert vist til i planstrategien og i Folkehelseoversikten føreset eit systematisk folkehelsearbeid ei brei samfunnsmessig tilnærming som inneber at det tas omsyn til påverkningsfaktorane i alle sektorar i tråd med prinsippet om «helse i alt me gjer», for eksempel både i skule-, barnehage-, bustad-, NAV-, nærings- og vegsektoren i tillegg til helsesektoren.

Som vist til i planprogrammet, er det fleire nasjonale forventningar til den kommunale planlegginga innan ulike samfunnstema. Innan helse-, sosial- og barnevernsfeltet vert det forventa at kommunen tar stilling til korleis ein skal fylja opp sentrale satsingar som: Leve hele livet, fattigdom/ utjamning av sosiale forskjellar, sosial bustadpolitikk, universell utforming, handlingsplan for fysisk aktivitet, psykisk helse og rus, vald i nære relasjonar, barn og unge, kompetanse og rekruttering. Det bør, tidleg i planprosessen, sikrast at desse overordna prioriteringane vert vurdert og følgt opp i tråd med forventningane.

## Klima

### *Planlegging for klimaomstilling*

Satsingsområde Saman om ei grønare utvikling skisserer viktige tema for kommuneplanarbeidet, og legg grunnlag for grøn omstilling. Dette satsingsområdet er breitt, og krev høg grad av samarbeid på tvers av dei ulike sektorane. Det er viktig at kommuneplanarbeidet baserer seg på relevante tiltak og strategiar frå anna planverk i kommunen, slik som hovudplan for vatn, heilskapleg ROS og klima- og energiplan. Det er derfor ein fordel om desse er ferdige før ein tek til med samfunnsdelen. Dersom det ikkje er mogleg, er det viktig å finne dei viktigaste måla og satsingsområda for dei aktuelle tema, slik at dei kan leggest til grunn for kommuneplanen.

Kommuneplanen må vise korleis endring i klima kan påverke bl.a. samfunnstryggleik, kritisk infrastruktur, natur- og kulturmiljø, befolkninga si helse, samt næringsverksemd. Det er også viktig å sjå på kommunen sin innkjøpspolitikk i lys av klima og berekraft.



Vidare må kommuneplanen vise til korleis Tysvær vil løyse utfordringane innan klima og energi, som er gitt gjennom Rikspolitiske retningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing (SPR-klima), samt måla satt i Klimakur 2030. Det er viktig å få på plass naudsynte mål, strategiar og tiltak, samt kunnskapsgrunnlag for kommunen. Rettleiing om dette finn de på:

<https://www.miljodirektoratet.no/myndigheter/klimaarbeid/kutte-utslipp-av-klimagasser/klima-og-energiplanlegging/hvordan-fastsette-mal/>.

Klimatilpassing og utsleppsreduksjon må sjåast i samanheng der det er relevant. Naturbaserte løysningar for klimatilpassing skal vurderast og prioriterast i alle relevante plan- og byggesaker. Når det gjeld klimatilpassing viser me særskilt til Regionalplan for klimatilpassing som eit utgangspunkt for arbeid med dette i kommuneplanen.

Klimabudsjett kan vere ein god måte å jobbe med reduksjon av klimagassutslepp i kommunar på. Her finn de meir informasjon om kva det er og korleis ein går fram:

<https://www.miljodirektoratet.no/myndigheter/klimaarbeid/kutte-utslipp-av-klimagasser/klima-og-energitiltak/klimabudsjett/>

#### *Klimarisiko*

Med dette begrepet blir samfunn og økonomi sett i en større sammenheng i samband med klimaendringene. Det kan til dømes vere nyttig i tilknytning til vidare utvikling av næringslivet i kommunen. Me viser til kommunalbanken si side kor dette blir godt forklart, og kor ein kan sjå ei berekning av kor utsett eigen kommune er for ulik klima-risiko:

<https://klimarisiko.kbn.com/regioner/rogaland/tysvar/>.

#### *Særskilt om energi*

Det grøne skiftet inneber ei omfattande elektrifisering, og Tysvær er etter kvart blitt ein kommune der energiproduksjon og energiformidling står sentralt. Desse faktorane bør få større plass i den kommunale kvardagen. I tillegg til at SPR-klima legg føringar for forvaltninga, vil EU-direktiv få auka påverknad. EU sitt fyrste energieffektiviseringsdirektiv (direktiv 2012/27/EU), med mål om 20 % energieffektivisering innan 2030, blei vedteke i 2012. Direktivet er revidert og det samla effektiviseringsmålet er nå sett til 32,5 % innan 2030. Olje- og energidepartementet førebur å innlemma direktivet i norsk lov, og endringar i energilova (om mellom anna energikartlegging og krav til måling) var på høyring i 2018. I år er det ei ny høyring om krav til kost-nytteanalysar for utnytting av spillvarme frå termiske kraftverk, industri, datasentre og andre anlegg. Frå før har EU-direktiv ført til at fleire industrianlegg har fått krav om energikartlegging og energileiing, og forureiningslova gir heimel om krav om energieffektivitet når det blir gitt løyver til verksemder. Tysvær bør vere proaktiv for å førebu eksisterande og nye verksemder på slike krav.

#### *Klimaomstilling og arealstrategi*

Både klimatilpassing og utslepp av klimagassar er tett knytt til kommunens arealbruk, spesielt i tilknytning til tilstanden på våtmarker, myr, landbruksareal og skog. Å behalde og auke CO2 lagring i vegetasjon og jordsmonn, er ei relativt ny og viktig nasjonal forventning til kommunane. Ved å kartlegge disse, blir det enklare å planlegge for at klimagassar blir liggande i grunnen/biomassen. Kommunen bør også vurdere å kartlegge areal som fordrøyer og filtrerer vatn og hindrar erosjon. Miljødirektoratet har nyleg gitt ut ein rettleiar som viser kommunen sitt handlingsrom innanfor jordbruk, skogbruk og myrforvaltning:

<https://www.miljodirektoratet.no/myndigheter/klimaarbeid/kutte-utslipp-av-klimagasser/klima-og-energitiltak/landbruk/>.



Når kommunen vurderer arealbruken opp i mot klimaomstillinga, bør det i planprogrammet også bli sett på klima-konsekvensar av spreidd (nærings)utbygging.

Me rår derfor Tysvær til å innarbeide tema knytt til klimaomstilling inn i arealstrategien. Det er i den samanhengen viktig å vurdere bruk og vern av areal som har betydning for økosystemtenester som klimatilpassing og utsleppsreduksjon. Slike areal vil også ofte vere viktige for mellom anna naturmangfald, folkehelse og samfunnstryggleik. Dette kan til dømes gjelde skog med høg bonitet og ulike myrareal som er nærare kartlagd i temakartportalen: [www.temakart-rogaland.no/klima](http://www.temakart-rogaland.no/klima)

### Arealstrategi

Det går fram av planprogrammet at kommunen i samband med kommuneplanrulleringa skal utarbeide ein arealstrategi og sjå på utbyggingsmønster. Det er positivt at det skal utarbeidast ein arealstrategi i tilknytning til den komande revisjonen ettersom samfunnsdelen skal ligge til grunn som eit viktig premiss for dei arealbruksvurderingane som skal gjerast ved påfølgande revisjon av arealdelen.

I samband med den overordna arealstrategien vil me særleg syne til føringane i Regionalplan for Haugalandet med tilhøyrande retningslinjer, som mellom anna er knytt til utbyggingsrekkefølge, bukvalitet, lokalisering av næring og handel. Det er ei forventning, både nasjonalt og frå den regionale jordvernstrategien under punkt. 2.2, at det skal ligge til grunn ein arealstrategi og ei bustadbehovsanalyse / bustadstrategi som premiss for kommunen sin arealpolitikk. I dette ligg også krav om å synleggjere potensialet for fortetting og transformasjon, samt å vurdere moglegheita for å ta ut område avsett til bustadbygging i gjeldande arealplanar som har dårleg måloppnåing for jordvern, transportarbeid og tettstadsutvikling, eller som er i konflikt med regionalt avklart utbyggingsmønster. Tysvær kommune er også ein attraktiv kommune for fritidsbustader i strandsona og båt-plassar, og her må Statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen ligge til grunn som viktige premiss for arealbruksvurderingane i desse områda.

Me vil elles syne til den nyaste rettleiaren for kommuneplanen sin arealdel kap. 3.5.3 om Arealrekneskap, det det i tredje avsnitt står følgjande:

*«Sammenstilt med befolkningsprognoser kan arealregnskapet bidra i vurderingene rundt det reelle behovet for endringer i arealdelen ved rullering. I et bredere perspektiv er bruk av arealregnskap nyttig i samfunnsutviklingen, og ved planleggingen av arealbruk til for eksempel bolig, infrastruktur og kommunale tjenester som skole og helse.»* Kommunen syner sjølv under temaet «Arealstrategi og utbyggingsmønster» til at dei behov som kjem fram i dette arbeidet og i samfunnsdelen, vil leggje føringar for den vidare rulleringa av kommuneplanen sin arealdel, og dette heng såleis tett saman.

Me ynskjer kommunen lukke til i det vidare arbeidet med kommuneplanen.

Med helsing

Lone Merethe Solheim  
statsforvaltar

Marit Sundsvik Bendixen  
fylkesmiljøvernsjef

*Dokumentet er elektronisk godkjent*



Kopi til:

Fiskeridirektoratet	Postboks 185 sentrum	5804	Bergen
Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmesteren for Svalbard	Postboks 3021 Lade	7441	TRONDHEI M
Norges vassdrags- og energidirektorat	Postboks 5091 Majorstuen	0301	Oslo
Kystverket	pb. 1502	6025	ÅLESUND
Rogaland fylkeskommune	Postboks 130	4001	Stavanger
Direktoratet for samfunnsikkerhet og beredskap	Postboks 2014	3103	Tønsberg